

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Vår dato: 17.03.2014
Vår ref.: 201306657-4
Arkiv: 411
Dykkar dato: 17.10.2013
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Yngve Midtun
22959532
ymi@nve.no

Tilbakemelding etter synfaring - Mulig fare for fjellskred - Storskredbukta - Lindås kommune

Vi syner til spørsmål om skredfarekartlegging ved Storskredbukta i Hindnesfjorden sendt 07.10.13 frå Lindås kommune ved Tommy Veland til NGU og vidareformidling av spørsmålet til NVE den 17.10.13. Bakgrunnen for spørsmålet var at det har gått fleire skred i området og forteljingar om ei stor sprekk som utvidar seg. Det vart reist spørsmål om større parti kan rase ut og føre til flodbølger når massane når sjøen.

Den 13.01.14 var NVE på synfaring i området saman med Kristian Bjørge som kjenner området godt. Bjørge kjenner til berre ei delvis open sprekk i området, denne er markert med raud stipla line i figur 1 og foto av nordlege del er synt i figur 2, men han kan ikkje sjå at denne sprekk har endra seg over tid.

I e-post frå Lindås kommune den 09.01.14 vart det gjeve opplysningar frå Laila Bjørge om ei opning i den nemnde sprekk kalla singlehola. Namnet singlehola kjem av lyden hola gav frå seg når ein kasta stein ned i ho. Denne lyden er no borte, mogleg fordi det er kasta mykje stein ned i hola over tid fortel Laila Bjørge, men det kan og vera på grunn av rørsle i fjellet som har endra den opne strukturen. Dette er ikkje mogleg å seie ut frå ei enkel synfaring.

Det vart ikkje observert andre store tydelege sprekk i det området som vart sett på, men det var ein del snø som ein kan sjå i figur 2, noko som gjer spor og strukturar i terrenget mindre tydelege. I den grad det var mogleg å sjå, vart det ikkje observert nokon tydelege teikn på stor rørsle i tilknytning til den opne sprekk. Berggrunnen elles i området, då særleg rundt Storskredbukta, er i stor grad oppsprukke (figur 3).

Ut frå terreng og kartdata kan det sjå ut som det tidlegare har gått eit eller fleire fjellskred i Hindnesfjorden. Storskredbukta dannar eit tydeleg arr i fjellsida og djupnekurvene på sjøkartet kan tyde på at det ligg ei skredtunge like utanfor (figur 1). Det er usikkert når dette skredet gjekk, men det kan ha gått like etter at isen smelta bort ved slutten av siste istid.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO


Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



Figur 1 Hindnesfjorden ved Storskredbukta, digital terrengmodell over sjøkart. Lilla line syner synfaringsrute, raud stipla line syner delvis open sprekk, raudt skravert område syner truleg eldre fjellskred.



Figur 2 Delvis open sprekk mot sør, nordlege del av raud stipla line i figur 1.

Det vart som nemnt ikkje observert teikn til større sprekker med tydeleg rørsle og ein forventar ikkje større utglidingar i området ut ifrå det ein har sett. Ein vil forvente fleire mindre skred over tid slik som allereie observert, då vestsida av Hindnesfjorden er bratt og bergrunnen er oppsprukken.

Det er NGU som kartlegg fjellskredfaren i Noreg på vegne av NVE som er statleg skredetat. Hordaland er førebels ikkje kartlagt med omsyn på potensielle fjellskred og det er usikkert når denne kartlegging tek til, men vi vil spele inn Hindnesfjorden som ein aktuell lokalitet. Dette for å få gjennomført ein noko meir detaljert undersøking. Det vil om naudsynt bli gjort målingar med GPS eller InSAR (radarskanning frå satellitt) for å avgjere om det er rørsle i berggrunnen.

Dersom det kjem nye opplysningar i saka som til dømes kjennskap til andre store tydelege opne sprekker i området, vil det vera ynskjeleg

frå NVE si side å gjennomføra ei ny synfaring.



Figur 3 Fjellet i område er i stor grad oppsprukke.

Med helsing

Bright Samdal
regionsjef

Inge Lavoll
sjefingeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutiner.

Kopi: Lindås kommune v/Tommy Veland, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ